

Beste hund frå Rosendal.

23.05.2016



**Det store elghundtreffet i helga er vel i hamn og arrangørane kan mæla om at dei er veldig fornøgd med både utstillinga i Uskedalen laurdag og bandhundkurset i Tveitedalen søndag. Ja, dei er svært fornøgde med heile det rekordstore arrangementet, og dei rosar heile bygda som tar mot dei år etter år.**

På biletet over ser vi dei to beste hundane på utstillinga. Stein Fransen frå Dalen i Telemark hadde beste hund i klassen Norsk elghund grå medan Anita Lie mænstra beste hund i klassen Norsk elghund svart. Eigaren av denne hunden er Robert Mehl og Monica Solberg frå Rosendal, men dei var opptekne på anna hald. Sistnemnde hund vart kåra til beste hund på utstillinga uansett rase.

På biletet under ser vi beste hannhund og beste tispe i klassen Norsk elghund svart. Dei er søsken, 3 år gamle, og er fødde og oppføstra hos Anita Lie. Det er Aslak Ringhus og Torunn Øygarden som no bur i Telemark, som eig tispa. Hannhunden er som nemnt ovanfor flytta til Rosendal, og den vart til slutt altså kåra til beste hund på utstillingen.



Hordaland elghundklubb ønskjer å takka alle i bygda som bidrar til at dei kan vera her. Dei seier at Uskedalen er ein perfekt plass for dei å vera, og dei rosar Rabben Feriesenter, skulen, Solheim turiststasjon, ja, alle som tar så godt mot dei. Dei nemner spesielt at dommarane som kvart år bur på Solheim, er fulle av lovord for den gode mottakinga og servicen dei får der.

Helga vart avslutta med bandhundkurs i Tveitedalen med over 20 deltagarar søndag. Også det var særdeles vellukka.

- Ei veldig kjekk helg, avsluttar fornøgde arrangørar.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Vidar Lillevik